



Referat frå elevrådsmøte for 5-7, tysdag 24.01.23

Desse møtte: Frøya Smådal-Gjertsen (5A), Lisa N. Lending (5A), Netsereab M. Habteyes (5B), Isabel J. Fauske (5B), Nora T. Leikanger (6A), Elias S. Espedal (6A), Kristoffer H. Fitje (6B), Anna Belinda T. Areklett (6B), Emily J. Fauske (7A), Even K. Leikanger (7A), Brage S. Lending (7B), Hilde S. Strandos (elevrådskontakt).

SAKSLISTE

Sak 1: Helseveka 2023

Temadagane i Helseveka:

Utkledningsdag: Ein ynskjer ikkje at utkledningsdagen skal føre til kjøpepress og at nokon føler dei må kjøpe eit kostyme til denne dagen. Etter innspel frå klassane, ynskjer elevrådet at det skal gå ei melding til klassane om at ein til utkledningsdagen skal kle seg ut med noko ein alt har heime – eller at ein kan låne noko frå nokon ein kjenner. Det vart også drøfta bruk av masker og sminke.

Konklusjon – utkledningsdag: Klassane og heimane må få melding om at elevrådet ynskjer at ein skal bruke det ein allereie har heime eller låne noko av nokon ein kjenner når ein kler seg ut, slik at ingen skal oppleve kjøpepress i samband med utkledningsdagen. På utkledningsdagen kan ein ikkje bruke masker, då dette er i strid med ordensreglementet om at plagg ikkje skal dekke til ansiktet. Elevrådet er litt usikre på kva som er greitt av sminkebruk og ynskjer at lærarane skal ta stilling til dette. Utover dette synast elevrådet det er veldig kjekt om lærarane også kler seg ut!

ASK-dag: klassane ynskjer felles kanonballturnering for 5.-7. trinn. Det er litt ulike innspel på om ein ynskjer at laga skal vere trinnvis eller blanda. Nokre ynskjer lag trinnvis for å bygge lagfølelsen i klassen og fordi det er kjekt å vinne saman. Andre ynskjer at det skal vere blanda lag på tvers av 5-7 for å skape samhold på tvers, samt at det då vil bli meir rettferdige lag.

Konklusjon ASK-dag: Sidan det ikkje er semje om ein ynskjer trinnvis eller blanda lag, har elevrådet landa på at lærarane skal bestemme om ein skal ha lag trinnvis eller blanda.

Klassens dag: Elevrådet ynskjer ikkje å komme med nokon retningslinjer for denne dagen – anna enn at klassen på førehand blir samd om kva denne dagen inneber for eigen klasse. Det er klassen i samråd med sine lærarar som blir einige om dette.

Kreativ dag: Her har elevrådet ikkje nye innspel og viser til det som har vore meldt tilbake tidlegare. Dette sto i referatet frå 19.12.22: *ynskjer at ein kan melde seg på ulike aktivitetar med 1., 2. og 3. val som i fjor. Kan gjerne køyre «reprise» av dei aktivitetane ein hadde ved gjennomføring av kreativ dag i fjor (band, teikning, stop-motion-film, minecraft, vektløfting, programmering, minecraft).*

Kosekle-dag: Elevrådet meiner at denne dagen seier seg sjølv – her kan ein komme i kosekle/pysj. Elevrådet synast det er ekstra kjekt om dei vaksne også tek på seg kosekle denne dagen.



Sak 2: Saker frå klassane

5A:	<ul style="list-style-type: none">• Tek tid før vatnet blir varmt i dusjgarderobane (Hilde melder vidare til Johan).• Ynskjer å kunne spele brettspel inne/ute i friminutta (Denne saka vil bli sett opp til eit seinare møte, der klassane må førebu argument for/mot).
5B:	<ul style="list-style-type: none">• Ingen saker frå klassen.
6A:	<ul style="list-style-type: none">• Etterspør ev. skidag i Blomlia. Hilde svarar ut denne i møte. Skulen har teke eit standpunkt om at vi gjennomfører våre skidagar i skianlegget i Instedalen. Vi veit at det kan vere litt ulik praksis mellom skulane på dette område, men vi må også hugse på at vi har tilbod som andre skular ikkje har – til dømes Polenturen på 10. trinn.
6B:	<ul style="list-style-type: none">• Førre skuleår (på hausten) vart det gjennomført ein elevkveld på 5-7. (Dia de los muertos – temaavslutning på ein av temaperiodane). Dette var ei kjekk oppleving, og ein ynskjer seg gjerne ny elevkveld.• Det er ein vask som er «laus» i garderoben til 5.-6. trinn. (Hilde melder frå til Johan). Vi snakkar i møte om korleis vi brukar ustyret/det vi har på skulen – og at ved normal bruk, er det lite sannsyn for at ein vask blir laus av seg sjølv. Dette er noko vi må ta opp og snakke om i klassane.
7A:	<ul style="list-style-type: none">• Ynskjer at det skal vere valfritt om ein vil dusje etter kroppsøvingstimane. (Denne saka vil bli sett opp ved eit seinare møte, der klassane må førebu argument for/mot).
7B:	<ul style="list-style-type: none">• Ingen saker frå klassen.

Beste helsing

Nora Taule Leikanger
Referent

Emily Jensen Fauske
Elevrådsleiar 5-7

Hilde Sognnæs Strandos
Elevrådskontakt 5-7